

**Fra:** Oster Brass <osterbrass@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 13. april 2023 22:01  
**Til:** Oster Brass; Postmottak Alver  
**Emne:** Høyringsinnspel kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv

Oster Brass finn det positivt at det i handlingsplanen er føreslått å utarbeide ein akustisk handlingsplan, og at tilrettelegging av gode øvingslokaler for korpsa vert prioritert.

Det er også positivt å lese at ein fokuserer på samspelet som må vere tilstades innad i korpsmiljøet for at korparørsla er så sterk som den er her i Alver, omtalt under (Side 17: *Eit bevisst samspel mellom elitekorps, vaksenkorps, skulekorps og kulturskule har vore avgjerande for at korpsa våre har god rekruttering og drift, og tilgang på naudsynt kompetanse*)

Oster Brass vil påpeike at amatørkorpsa som ligg mellom skulekorpsa og elitekorpsa våre, er i ein sårbar posisjon. Ein får ikkje ekstra støtte i form av å vere profesjonelle, og ein del typar støtte kan ein ikkje søke på fordi ein ikkje er i kategorien 'barn og unge'. Amatørkorpsa i regionen gjev skulekorpsmusikantar ekstra utfordringar og opplæring til å kunne gå vidare til elitekorpsa. Vi er positive til at planen omtalar og er bevisste på samspelet og håpar at amatørkorpsa også vert prioriterte når det kjem til handlingsplanen sitt føreslåtte tiltak om å: *Vidareutvikla breie målretta tilskotsordningar til kultur og idrett, for frivillig kulturretta sektor, amatør, profesjonell, arrangørar og kulturnæringar.*

---

Viser også til lesarinnlegg i avisa Nordhordland frå desember 2022, skrive av tidligare leiar i Oster Brass, Filip Syversen Fossum, og leiar i Lindås Brass, Kristin Helland Stråtveit:

«Dette kan me ikkje vera kjend for i «verdas beste korpskommune»

Budsjettforslaget frå kommunedirektør Ørjan Raknes Forthun er dyster lesing for dei fleste i Alver kommune. Økonomien er dårleg, noko som gjer prioriteringane harde og kostnadskutt uunngåeleg. I forslaget for kultur kan me lesa at det skal kuttast i tilskot for frivillige lag og organisasjonar. I ein kommune som marknadsfører seg som verdas beste korpskommune er ikkje forslaget god lesing for korpsa.

Alver kommune har eit av dei beste korpsmiljøa i heile Noreg, med korps på alle nivå. Frå skulekorpsa i bygdene våre, til korps i verdstoppen med Eikanger-Bjørsvik- og Manger Musikklag i spissen. Dei har elitestøtte frå kommunen som ligg fast i budsjettet. Oss andre, derimot, kjempar om å få tilskot til drift. Det er me saman med skulekorpsa som legg grunnlaget for at miljøa kring elitekorpsa skal fungera.

Me i amatørkorpsrørsla har verdas kulaste hobby. Det er dessverre ikkje all skulekorpsungdom som synest det. Dei fell ofte frå når dei byrjar på ungdoms- og etter kvart vidaregåande skule. Kanskje fordi dei ikkje synest det er «kult nok», eller kanskje dei ikkje får nok musikalske utfordringar i skulekorpsa for å halde interessa ved like. Der

har korps som Oster Brass og Lindås Brass ein rolle som brubyggjarar. Me tar i mot ungdom som treng ein ekstra utfordring i tillegg til skulekorpset. Vi visar dei korleis amatørkorpsverda er. Det er korps som oss som er brua mellom skulekorpsa og elitekorpsa. Når dei største talenta veks frå oss, har dei skaffa seg erfaring frå amatørkorpsrøyrsla, slik at Eikanger-Bjørsvik og Manger fortset å vera blant dei beste i Noreg og Europa.

Som alle andre hobbyar, krev også korpsdrift pengar. For at me skal kunna drifta på ein god måte er me avhengige av eit godt samarbeid med kommunen. Ein del av dette samarbeidet er tilskotet som me må søka om kvart år. I gjengjeld får kommunen ambassadørar som representerer Alver kommune i inn- og utland. Å kutta i tilskotet til dei andre enn elitekorpsa vil vera å kutte i framtida deira, med tanke på rekruttering og talentutvikling i kvardagen. Dette kan me ikkje vera kjend for i «verdas beste korpskommune».

<https://www.nordhordland.no/dette-kan-me-ikkje-vera-kjend-for-i-verdas-beste-korpskommune/o/5-33-558472?fbclid=IwAR3VyvhTY8Qo3Y5k2BCwYqmxNm71HXmyZ--bd3giJidfk-El0ssJ1YFUw>

Mvh  
Oster Brass  
v/leiar Sara Aspen